



Malgorzata Stefanie Nowak  
Melandsvegen 230  
5918 FREKHAUG

Referanser:

Dykkar:

Vår: 14/3591 - 14/13226

Saksbehandlar:

Merethe Tvedt

merethe.tvedt@meland.kommune.no

Dato:

08.09.2014

## Mangel- Søknad om løyve til oppføring av garasje på gnr 14, bnr 47

Meland kommune viser til Dykkar søknad om oppføring av garasje på gnr 14, bnr 47 på Erstad motteke 01.09.2014. Administrasjonen har gått gjennom Dykkar søknad og finn at søknaden er mangelfull. Før søknaden kan handsamast må følgjande dokumentasjon sendast kommunen:

- Det må sendast inn målestokkriktige teikningar teikningar av fasader, snitt og planteikning.
- Det er ikkje opplyst arealopplysningar i innsendt søknad. Det skal gå fram i søknaden størrelsen på eksisterande areal og areal på ny bebyggelse, samt utrekning av grad av utnytting.
- Eigedommen grensar til fylkesveg. Statens vegvesen må nabovarslast om tiltaket.
- Tiltaket kjem innanfor byggegrense på 50 meter frå fylkesveg. Det må søkja Statens vegvesen dispensasjon frå byggegrense langs veg for oppføring av garasje.
- Sidan garasjen blir i tilknytning til eksisterande bustad, er det krav til brannsikring/brannvegg mellom bygga. Tiltakshavar må sende inn dokumentasjon på at garasjen blir brannsikra i samsvar med gjeldande regelverk.

Dykkar søknad vert difor lagt i ventearkiv, i påvente av at manglande dokumentasjon vert innsendt.

Kommunen held seg rett til å be om ytterlegare dokumentasjon dersom sakshandsamar finn dette naudsynt ved nøyare gjennomgang.

Med helsing

Anny Bastesen  
sektorsjef teknisk

Merethe Tvedt  
byggjesakskonsulent

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

---

#### Postadresse

postmottak@meland.kommune.no  
Postboks 79, 5906 Frekhaug  
Besøksadr: Havnevegen 41 A  
5918 Frekhaug

#### Kontakt

www.meland.kommune.no  
Telefon +47 56 17 10 00  
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 18 83722  
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: [www.nordhordlandskart.no](http://www.nordhordlandskart.no)

**Mottakere:**

Malgorzata Stefanie Nowak

Melandsvegen 230 5918

FREKHAUG